



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Nærings- og fiskeridepartementet

Dato: 30.01.2017

Vår ref.: 2017/203-2

Sakshandsamar: Endre Korsøen

Telefon: 917 64 632

Nye akvakulturoppgaver i samband med regionreforma på Vestlandet

Sak om nye akvakulturoppgaver i samband med regionreforma på Vestlandet vart handsama av Fylkesutvalet i Hordaland 26.01.2017. I Fylkesutvalet vart det gjort følgjande vedtak:

1. Havbruksnæringa er ein av dei viktigaste næringane i Vestlandsregionen. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein lønnsam og berekraftig måte, meiner fylkesutvalet i Hordaland at det er trong for auka regionalt sjølvstyre i havbruksforvaltninga og samling av forvaltingsoppgåver under regional leiing.
2. På denne bakgrunn vil fylkesutvalet at Vestlandsregionen skal tilførast følgjande akvakulturoppgaver frå regional stat: Forureiningslova og vurderingar etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser og naturmangfaldlova, vassressurslova, konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd, dyrking av makroalgar, hamne- og farvasslova, akvakulturlova; søknader om matfisk av laks og aure til særlege formål. Dispensasjon frå tildelingsforskriftene. Tildeling av ny produksjonskapasitet.
3. Saka om nye akvakulturoppgaver vert å sende til regjeringa ved Kommunal og moderniseringsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet.

Kopi av saksframstilling og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

